HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA
Kulturminnevern og museum - Kultur- og idrettsavd

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 18.02.2015
Vår ref.: 2015/2098-2
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:

# Fråsegn kulturminne - Plan for nydyrking på gnr 38 bnr 13 - Radøy kommune

Vi viser til brev av 17.02.2015 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevernet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Hordaland fylkeskommune**
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. [5201 06 74239]

Miljøfyrtårn